

---

Vår referanse 2020/71262-3  
Dato 14.12.2020

---

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET  
Postboks 8010 DEP  
0030 OSLO

## Høring av rapport fra utvalget som har sett på framtidige inntekter i bomringane. Merknader frå Vestland fylkeskommune.

Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune har den 10.12.2020 handsama rapporten *På veg mot eit betre bomsystem. Utfordringar og moglegheiter i det grøne skiftet.*

Fylkesutvalet fatta følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet ser at rapporten frå ekspertutvalet kan vere eit viktig underlag til ei forbetring av dagens bompengesystem. Det er likevel ein langt større kompleksitet i dei mange og ulike bompengeprojekta som ikkje blir godt nok belyst i rapporten. Det er viktig å vere merksam på dei ulike utfordringane som ligg i bompengepakkar som er etablert for å bygge eller vedlikehalde vei og bompengepakkar som er etablert for å redusere biltrafikk inn til dei store byane. Fylkesutvalet vil begrense seg til å gi innspel på dei problemstillingane som er reist i rapporten.
2. Fylkesutvalet ser behovet for at det framleis vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet. Det er ei utfordring at reduserte takstar for elbil i bomringane undergrev finansieringsgrunlaget for bompengepakkanne. Fylkesutvalet meiner likevel det er viktig at det blir ein gradvis auke av takstar for elbilar for å sikre så rask overgang som mogleg til utsleppsfrie køyretøy. Fylkesutvalet meiner det er hensiktsmessig å kunne differensiere bompengesatsane basert på tid og kapasitetsutfordringar i vegnettet (rushtidsavgift), samt køyretøyas miljøstandard. Det er samstundes viktig at lokale tiltak for å få høgare elbilandel ikkje blir avvikla før det er sikra at elbilfordelar blir oppretthaldne eller styrka nasjonalt.
3. Fylkesutvalet viser til at køyring i kollektivfelt bidreg til auka bilbruk og redusert framkome for kollektivtrafikken, og støttar difor ekspertutvalet i at ordninga på sikt bør avviklast. Det bør heller vurderast 2+ og/eller prioritering av næringstransport i kollektivfelt.
4. Fylkesutvalet støttar at dei praktiske og juridiske løysingane for innføring av elektronisk vegprising vert utgreia vidare. Eit kilometerbasert vegprisingssystem kan gje betre balanse mellom nytte og kostnader, betre fordeling av den samla bompengebelastinga, og betre samsvar mellom bruk av og betaling for infrastrukturen.
5. Av omsyn til fordelingsverknadene sluttar Fylkesutvalet seg ikkje til at moglegheit for timesregel og passeringstak vert fjerna.

Saksframlegg og møteprotokoll finn de her: [LENKE](#)

Med helsing

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

Torill Klinker  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*